

Myrtveit Gard - Bjørn Gripsgård Knudsen
Myrtveitvegen 39
5918 Frekhaug

Innspel- Høyring og ettersyn av kommunens arealdel

Myrtveit Gard er eit gardsbruk med kjøt og mjølkeproduksjon. Gardsbruket disponerer g.nr. 32 br.nr 1 og 4 som tel om lag 430 dekar.

Myrtveit Gard har mål om å tilføre ny verksemt på garden som også gjer det mogeleg å fortsette med tradisjonell gardsdrift. Fylgjande tiltak er planlagt som aktuelle:

1. **Grøn omsorg:** Gardseigar har helse og sosialfagleg utdanning og har lang røynsle med arbeid retta mot personar med funksjonsnedsettingar. Aktivitetane i tilbodet byggjer på garden og bondens ressursar. Tilbodet er tilrettelagt ulike målgrupper/enkeltpersonar. Dette kan vere eit utdanningstilbod knytt til skulen eller aktivitets- og arbeidstreningstilbod gjennom helse- og omsorgstenester. Gardsmiljøet opnar for mange muligheiter ved utforming og tilrettelegging av det enkelte tilbod:

- stell av dyr og planter
- drift av skogen
- pleie av kulturlandskapet
- vedlikehald av maskiner og bygningsmasse
- Matproduksjon/foredling
- Husflid

Tilboda kan være enkeltståande besøk eller dagtilbod som går gjennom heile året, eller avlastnings-, helge- og ferietilbod der det lagt opp til overnatting på garden.

2. **Helsefremmande aktivitet:** Gardseigar har kompetanse innan trenings, kosthald og livstilsretteleing. I dette tiltaket er det planlagt å nytte garden naturressursar spesielt knytt til utmark. Dette området er svært godt eigna til å gje kroppen naturlege fysiske utfordringar, gode naturopplevingar og mestringsskjensle. Det er planlagt naturløyper tilpassa ulike mestringsnivå og eit enkelt husly. Tiltaket vil tilpassast slik at inngrepa ikkje vil gje negative innverknader i natur og kulturlandskapet.

Myrtveit Gard ber om at kommuneplanen tek omsyn til at eigeidomen kan nyttast til næring og landbruk slik tiltaka over beskriv.

Anne Lise Markhus Knudsen

Bjørn Gripsgård Knudsen

Myrtveit 30.09.2014